

# Søknad om anerkjening av ekteskap inngått etter utanlandsk rett

Send søknaden til Statsforvaltaren i Østfold, Buskerud,  
Oslo og Akershus

- Les rettleiinga på siste side nøyde

Opplysninger om den eldste ektefellen	
Namn	
Fødselsnummer/DUF-nummer/fødselsdato	Statsborgarskap
Adresse	
E-postadresse	
Tilknyting til Noreg då ekteskapet blei inngått:	
<input type="checkbox"/> norsk statsborgar	
<input type="checkbox"/> utanlandsk statsborgar med permanent opphaldsløyve	
<input type="checkbox"/> utanlandsk statsborgar med mellombels opphaldsløyve	
<input type="checkbox"/> EØS-borger	
<input type="checkbox"/> inga tilknyting	
<input type="checkbox"/> anna (beskriv nedanfor)	
Dersom «anna», beskriv:	
• Tilknytinga må dokumenterast (sjå punkt 1 i rettleiinga)	

Opplysninger om den yngste ektefellen	
Namn	
Fødselsnummer/DUF-nummer/fødselsdato	Statsborgarskap
Adresse	
E-postadresse	
Tilknyting til Noreg då ekteskapet blei inngått:	
<input type="checkbox"/> norsk statsborgar	
<input type="checkbox"/> utanlandsk statsborgar med permanent opphaldsløyve	
<input type="checkbox"/> utanlandsk statsborgar med mellombels opphaldsløyve	
<input type="checkbox"/> EØS-borger	
<input type="checkbox"/> inga tilknyting	
<input type="checkbox"/> anna (beskriv nedanfor)	
Dersom «anna», beskriv:	
• Tilknytinga må dokumenterast (sjå punkt 1 i rettleiinga)	

<b>Bakgrunnen for søknaden</b>
<input type="checkbox"/> Ein av dykk, eller begge, var under 18 år då ekteskapet blei inngått <input type="checkbox"/> Ein av dykk, eller begge, var allereie gifte då ekteskapet blei inngått <input type="checkbox"/> Ekteskapet blei inngått utan at de begge var til stades ved ekteskapsinngåinga <input type="checkbox"/> De er søskenbarn eller nærmare slektingar enn søskenbarn

<b>Opplysningar om ekteskapsinngåinga</b>
Dato for når ekteskapet blei inngått
Kvar blei ekteskapet inngått? (område og land)
Forklar nærmare korleis ekteskapet blei inngått
<ul style="list-style-type: none"><li>• Ekteskapsinngåinga må dokumenterast (sjå punkt 1 i rettleiinga)</li></ul>

<b>Kvifor bør ekteskapet anerkjennast?</b>
Skriv eventuelt på eit eige ark. Her gir du/de nærmare opplysningar om kvifor ekteskapet bør anerkjennast (sjå punkt 2 i rettleiinga).

**Kvifor bør ekteskapet anerkjennast?****Har de søkt om familieinnvandring på bakgrunn av ekteskapet, eller har de planar om dette?** Ja       Nei**Vedlegg til søknaden (sjå punkt 1 i rettleiinga)****Eg/vi ønskjer at ekteskapet skal bli anerkjent i Noreg**

Dersom ekteskapsinngåinga er omfatta av ekteskapslova § 18 c (der ein av eller begge partane var under 18 år på tidspunktet for vigsla, og ingen av partane hadde tilknyting til Noreg), blir det stilt krav om underskrift frå ektefellen som var under 18 år på tidspunktet for vigsla. Sjå punkt 4 i rettleiinga.

**Den eldste ektefellen**

Stad

Dato

**Den yngste ektefellen**

Dato

Underskrift frå den eldste ektefellen

Underskrift frå den yngste ektefellen

Eg er villig til å la meg intervju dersom det er nødvendig for behandlinga av søknaden (sjå punkt 6 i rettleiinga).

 Ja       Nei

Eg er villig til å la meg intervju dersom det er nødvendig for behandlinga av søknaden (sjå punkt 6 i rettleiinga).

 Ja       Nei

Eg samtykkjer til at dokumentasjonen for ekteskapsinngåinga blir send til ein norsk utanriksstasjon for verifisering (sjå punkt 7 i rettleiinga).

 Ja       Nei

Eg samtykkjer til at dokumentasjonen for ekteskapsinngåinga blir send til ein norsk utanriksstasjon for verifisering (sjå punkt 7 i rettleiinga).

 Ja       Nei

Spørsmål som gjeld utfyllinga av skjemaet, kan rettast til Statsforvaltaren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus.

# Rettleiing

Søknaden vil bli behandla etter ekteskapslova § 18 b eller § 18 c.

## 1. Vedlegg til søknaden

### Følgjande dokumentasjon må leggjast fram:

Dokumentasjon på tilknytinga de har til Noreg:

- Kopi av passa til begge, og eventuelt vedtak om opphaldsløyve i Noreg.
- For EØS-borgarar: Kopi av registreringsbevis eller eventuelt varig opphaldsløyve/oppahaldskort.

Dokumentasjon på ekteskapsinngåinga:

- Original eller stadfesta kopi av vigselsattest, påført apostille eller legalisering.

Dersom attesten er på eit anna språk enn engelsk, må han omsetjast til norsk eller engelsk av ein godkjend omsetjar. Det må stå på omsetjinga kven som har gjort omsetjinga, og når ho er gjord. Omsetjinga må leggjast fram i original eller stadfesta kopi.

### Følgjande dokumentasjon kan også vere relevant:

- Dokumentasjon på inn- og utreiser frå Noreg til vigselslandet i perioden før og etter ekteskapsinngåinga (t.d. stadfesta kopi av pass med alle sider som er brukte, eller andre reisedokument).
- Gjeld berre ved ekteskap som er inngåtte ved fullmektigar (på bokmål «stedfortrederekteskap»): Original eller stadfesta kopi av fullmakt og omsetjing av dokumentet.
- Gjeld berre i tilfelle der den eine av partane allereie var gift: Original eller stadfesta kopi av dokumentasjon på at tidlegare ekteskap er oppløyst, og omsetjing av dokumentet.

## 2. Opplysningar om kvifor ekteskapet bør anerkjennast

Det er ikkje nødvendig å fylle ut dette punktet dersom ingen av partane hadde ei sterk tilknyting til Noreg då ekteskapet blei inngått (ekteskapslova § 18 c), og

- de begge er over 18 år
- de begge var over 16 år då ekteskapet blei inngått
- den som var under 18 år då ekteskapet blei inngått, ønskjer ekteskapet anerkjent

Det er i andre tilfelle viktig at de gir utfyllande opplysningar. Opplysningane skal hjelpe statsforvaltaren med å slå fast om det er «sterke

grunnar» til å anerkjenne ekteskapet. Sjansane for å få ekteskapet anerkjent er i desse tilfella små. Det skal mykje til for å få ekteskapet anerkjent. Det er difor viktig at saka blir best mogleg opplyst.

De bør svare på følgjande spørsmål:

- Korleis blei de kjende?
- Korleis kom ekteskapet i stand?
- Kva er årsaka til at ekteskapet blei inngått på ein måte som ikkje er anerkjend i Noreg?
- Korleis har de innretta dykk etter ekteskapsinngåinga?
- Dersom de bur i kvart dykker land, korleis held de kontakten, og kor ofte møtest de?
- Har eller ventar de barn saman?
- Kvifor ønskjer de ekteskapet anerkjent?
- Kva sterke grunnar meiner du/de taler for at ekteskapet skal bli anerkjent?

## 3. Informasjonsutveksling mellom statsforvaltaren og utlendingsstyresmaktene

Statsforvaltaren og utlendingsstyresmaktene kan dele opplysningar som er nødvendige for å behandle søknaden om anerkjening av ekteskap og søknad om familieinnvandring som følgje av ekteskap, så lenge delinga ikkje utgjer eit uforholdsmessig inngrep (sjå § 4 i forskrift om behandling av førespurnader om anerkjening av ekteskap etter ekteskapslova §§ 18 b og 18 c).

## 4. Underskrifter

For at statsforvaltaren skal kunne behandle søknaden, er det nok at éin av dykk ber om det.

Dersom ingen av dykk hadde ei sterk tilknyting til Noreg på tidspunktet då ekteskapet blei inngått, blir det derimot stilt krav om at den som var under 18 år då ekteskapet blei inngått, stadfestar med underskrift at vedkommande ønskjer ekteskapet anerkjent i Noreg. I heilt spesielle tilfelle er det likevel mogleg å få ekteskapet anerkjent utan ei slik underskrift. Dette gjeld dersom de begge var under 18 år ved ekteskapsinngåinga, og sterke grunner taler for at ekteskapet skal anerkjennast.

## **5. Konsekvensar av om ekteskapet blir anerkjent eller ikkje i Noreg**

For vurderinga av om du ønskjer ekteskapet anerkjent i Noreg, kan det vere nyttig å kjenne til enkelte viktige konsekvensar av om ekteskapet blir anerkjent eller ikkje. Her vil vi gi litt informasjon om dette.

Ektefellar som får ekteskapet sitt anerkjent i Noreg, vil bli rekna som gifte i Noreg. Ektefellar som ikkje får ekteskapet sitt anerkjent, vil her blir rekna som ugifte. Om de blir rekna som gifte eller ugifte, vil få konsekvensar i fleire samanhengar. Mellom anna kan det få konsekvensar for følgjande:

- Moglegitene for opphaldsløye

Dersom ekteskapet ikkje blir anerkjent, vil det ikkje kunne danne grunnlag for familieinnvandring. I enkelte tilfelle kan det likevel bli gitt opphold på anna grunnlag.

- Retten til å krevje skilsmisse eller oppløysing av ekteskapet

Dersom ekteskapet blir anerkjent i Noreg, vil kvar av partane kunne krevje skilsmisse etter reglane i ekteskapslova kapittel 4. Eit ekteskap som ikkje blir anerkjent i Noreg, kan ikkje løysast opp i Noreg. Ein ektefelle som ønskjer ekteskapet oppløyst, må i så fall gjere dette i landet der ekteskapet blei inngått, eller i eit anna land som anerkjenner ekteskapet. Også deling av felleseiige føreset at ekteskapet blir anerkjent.

- Moglegitene til å inngå nytt ekteskap med ein annan

Sjølv om ekteskapet ikkje blir anerkjent, kan de i utgangspunktet ikkje inngå ekteskap etter norsk rett med ein annan person før ekteskapet er oppløyst i utlandet (sjå ekteskapslova § 4 andre ledd).

Bakrunnen for kravet om oppløysing er at ekteskapet framleis vil vere gyldig i landet der det blei inngått, og eventuelt i andre land som anerkjenner ekteskapet.

- Retten til ektefellearv og uskifte

## **6. Intervju**

Partar som var under 18 år ved ekteskapsinngåinga, skal intervjuast, med mindre det ikkje vil ha noko å seie for avgjerd i saka. Partar som var over 18 år ved ekteskapsinngåinga, skal også intervjuast når det blir sett på som nødvendig for å sikre tilstrekkeleg opplysning av saka.

Dersom du/de ikkje går med på intervju, må du/de forvente at dette vil få konsekvensar for avgjerd i saka. Dette kan føre til at søknaden blir avslått.

## **7. Verifikasiing**

I enkelte tilfelle kan det vere aktuelt for Statsforvaltaren å be om støtte frå ein norsk utanriksstasjon for å få verifisert dokumentasjonen på ekteskapsinngåinga. Dette gjeld først og fremst dokumentasjon som er utferda i land der offentleg dokumentasjon generelt er lite truverdig, til dømes som følgje av utbreidd korruption og/eller dokumentfalsk. Verifikasiing vil seie at det blir gjort undersøkingar for å få avklart om dokumentasjonen er ekte og innhaldet i han rett.

## **8. Klage**

Dersom du/de vil klage på vedtaket til statsforvaltaren, sender de klaga til Barne-, ungdoms- og familielidirektoratet (Bufdir) innan tre veker etter at du/de har fått vedtaket. Klaga sender du/de til statsforvaltaren.

## **9. Vidare saksgang**

Statsforvaltaren vil sende ein kopi av vedtaket sitt – eventuelt vedtaket som Bufdir gjer – til skatteetaten (folkeregisteret). Dersom søknaden om å få anerkjent ekteskapet blir innvilga, vil ekteskapsinngåinga bli registrert i folkeregisteret. Dersom søknaden om å få anerkjent ekteskapet blir avslått, blir ikkje ekteskapsinngåinga registrert. Partane vil då vere registrerte som «ugifte».

Dersom Statsforvaltaren er kjend med at de har søkt om, eller planlegg å søkje om, familieinnvandring på bakgrunn av ekteskapet, vil Statsforvaltaren sende utlendingsstyresmaktene ein kopi av vedtaket, slik at dei eventuelt kan halde fram med å behandle søknaden om familieinnvandring. Dersom søknaden om å få anerkjent ekteskapet blir avslått, vil utlendingsstyresmaktene legge til grunn at partane ikkje er gifte. Ekteskapet kan då ikkje danne grunnlag for familieinnvandring. Opphold kan i enkelte tilfelle likevel bli innvilga på anna grunnlag, til dømes sambuarskap. Dersom søknaden om å få anerkjent ekteskapet blir innvilga, vil utlendingsstyresmaktene legge til grunn ekteskapsinngåinga. Utlendingsstyresmaktene må likevel vurdere om dei resterande vilkåra for familieinnvandring er oppfylte.